

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		17.11.2021
Fylkesutvalet		30.11.2021

## Oppstart av prosess for å greie ut framtidig organisering av dei regionale arkiva

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet ber fylkesdirektøren om å kartlegge og greie ut situasjonen for dei regionale arkiva i Vestland fylke, og kome med råd om framtidig organisering av arkivinstitusjonane.
2. Fylkesutvalet ber om at dei kommunale arkivinstitusjonane vert vektlagt i utgreiinga, men for å sjå heilskapen i arbeidet med samfunnssdokumentasjon og eldre og avslutta arkiv må utgreiinga også inkludere privatarkiv.

### Samandrag

I tråd med vedtak i fylkestinget i november 2019 og desember 2020, vil fylkesdirektøren føre prosessen med å gjøre greie for framtidig organisering av dei regionale arkiva vidare. For å kunne gjøre dette må det gjennomførast ei grundig kartlegging og utgreiing som skal leggjast til grunn for vurderingar knytt til framtidig samarbeid mellom og organisering av arkivinstitusjonar i Vestland.

Rune Haugdal  
fylkesdirektør

Per Morten Ekerhovd  
avdelingsdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Det er tre kommunale arkivinstitusjonar i Vestland: Bergen byarkiv (Bergen kommune), IKA Hordaland (Interkommunalt arkiv Hordaland) og Kommunearkivordninga i Vestland KO. Vestland fylkeskommune er medlem av sistnemnde, i tråd med vedtak i fylkestinget 17.12.2019.

Desse tre arkivinstitusjonane skal tilby løysingar for kommunane og fylkeskommunen knytt til lovheimla oppgåver som gjeld langtidslagring og tilgjenge av analoge og digitale arkiv. Framtidig samarbeid og eventuell endring i organisering må ha som mål å betre og forenkle situasjonen for fylkeskommunen, kommunane og for innbyggjarane i Vestland.

Fylkesdirektøren meiner at det er behov for sterke arkivmiljø og arkivinstitusjonar i Vestland. Dei regionale arkiva fortel regionen si felles historie, og sikrar både demokratiske rettar og tilgjenge til kulturarven for våre innbyggjarar. Sterke arkivmiljø er dessutan ein føresetnad for å kunne løyse omfattande oppgåver i høve privatarkiva. Heilskapleg samfunnsdokumentasjon er ein føresetnad for eit demokratisk samfunn. For kommunane og innbyggjarane i Vestland femnar dette om både rettighetsdokumentasjon frå kommunale arkiv og kulturhistorisk dokumentasjon frå både kommunal og privat sektor.

Fylkeskommunen vil ta ansvar for denne prosessen, men ønskjer å leggje opp til at det skjer i inkluderande samarbeid der kommunane og arkivinstitusjonane vert haldne orienterte og tekne med på råd underveis. Det skal setjast ned ei styringsgruppe med relevante aktørar frå alle involverte partar.

Kartlegging og framtidig organisering av dei regionale arkiva har vore på sakskartet på desse møta:

- Sak 2020/49456-5, Organisering og samarbeid mellom dei kommunale arkivinstitusjonane i Vestland, Fylkestinget 17. november 2019
- Sak 2019/84-1, Vestland fylkeskommune og tilhøvet til Kommunearkivordninga Vestland kommunalt oppgåvefellesskap, Fylkestinget 15. desember 2020

### Vedtakskompetanse

I tråd med *Reglement for folkevalde organ og delegering, Reglement for fylkesutvalet, kap 2.1.7*, tek fylkesutvalet avgjerd i saker der avgjerdsmynne ikkje ligg til anna organ, og der saka ikkje er av prinsipiell betydning for fylkeskommunen si verksemd.

### Vurderingar og verknader

#### Økonomi:

Vestland fylkeskommune vil koste denne utgreiinga med eigne midlar.

#### Klima:

Ikkje aktuelt

#### Folkehelse:

Ikkje aktuelt

#### Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Arbeidet med å bygge sterke arkivmiljø i Vestland støttar mål 1 i utviklingsplanen for Vestland: «Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg». Ansvar for og arbeid med arkiv må vere ei regional oppgåve. Under mål 1 seier fylkeskommunen også at Vestland skal vere ein leiande kulturregion, og gjennom dette arbeidet kan vi verte leiande innanfor kulturområdet arkiv.

### Konklusjon

Demokratiske rettar og tilgjenge til vår felles kulturarv skal sikrast for alle. Fylkesdirektøren ønskjer å starte prosessen med å gjere greie for framtidig organisering av dei regionale arkiva. For å kunne gjere dette må det gjennomførast ei grundig kartlegging og utgreiing som skal leggjast til grunn for vurderingar knytt til framtidig samarbeid mellom og organisering av arkivinstitusjonar i Vestland.